

Veke 36

	Dette arbeidar vi med denne veka
Norsk	Bokstavane å, n, g, y.
Matte	Siffera 0-6.
Engelsk	Numbers
Sosialt	Eg kan invitera andre inn i leiken.

TIMEPLAN

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.25-09.55	Norsk Bokstaven å 	Norsk Bokstaven n 	Norsk Bokstaven g 	Norsk Bokstaven y  Kor 	Norsk - stasjoner 
10.10-11.10	Matte 	Natur- og samfunnsfag 	Musikk 	Kunst og handverk 	Matte 
11.10-11.50	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt
11.55-12.55	Uteskule 	Matte - stasjoner 	Psykisk helse- Zippy 	Krle 	Gym 
13.05-14.05	Uteskule 				

LEKSER

Til tysdag	Norsk: Leseark i mappa.
Til onsdag	Norsk: Leseark i mappa.
Til torsdag	Norsk: Leseark i mappa.
Til fredag	Skriveboka: Skriv kvar bokstav så fint du kan i skriveboka, sei bokstavlyden kvar gong du har skrive ein bokstav.

INFORMASJON TIL HEIMEN

- Måndag har me uteskule. Me går tur i nærmiljøet. Elevane treng ikkje ha med sekk eller anna. Me et vanleg matpakke og har storefri før me går på tur. Det viktigaste er at elevane har klede og sko som passer til det veret me har denne dagen.
- Velkommen til "Bli-kjent-samtale" måndag 1. september eller onsdag 3. september. Brev i mappa og på Visma med oppsett. Byt innbyrdes eller gi beskjed til meg om det ikkje passar. Eleven skal ikkje vera med. Dette er ein kort samtale (15 min) der de fortel om barnet dykkar.
- **Mapahoney:** Torsdag 11. september kl 17:00-18:30 blir det Mapahoneyløp rundt "den litle nullen". Elevrådet ønsker å ha utlodning til inntekt for elevrådet. Er det nokon som kan hjelpa til med ein premie eller to? Premier kan leverast skulen innan tysdag 9. september. Det kan vera reklame-effektar, ting eller eit brett egg/mat. Det treng ikkje vera mykje.
På førehand takk! Mvh Elevrådet
- Fint med innesko, skifteklede, støvler og regnklede i garderoben på skulen. Hugs å merke alle klede og sko med namn.
- Foreldremøte vert onsdag 24. september. Truleg klokka 17.30. Meir info kjem.
- Fotografen kjem 5. september.

Helsing Hanna.